



# HORDALAND FYLKESKOMMUNE

## KULTUR OG IDRETTSAVDELINGA

### SAMARBEIDSAVTALE

Mellom

**Bergen Sjøfartsmuseum v/Lilli Ingvaldsen og Per Kristian Sebak** (heretter kalla  
Arrangør) og Hordaland fylkeskommune  
i høve framsyninga «MIGRASONG - tonane dei bar med seg over havet».

Dato for arrangementet: **13. september 2018** (arrangør vel klokkeslett)  
Spelestad:

#### FØREMÅL

Føremålet er å setja fokus på songen som utvandrarane hadde med seg til Amerika på slutten av 1800 talet og korleis desse songane utvikla seg vidare.

#### INNHALD

Framsyninga «Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er samansett på grunnlag av eit stort historisk materiale. Me fylgjer utvandrarane si reise frå små bygder i Hordaland: fyrst til Bergen, så vidare til Hull i England, med tog til Liverpool og så over Atlanteren til det lova landet, Amerika.

«Migrasong-songane dei bar med seg over havet» er tenkt til vel ein times musikk- og forteljarprogram framført av ein songar/kvedar/forteljar som vert akkompagnert av to musikarar. Tore Nysæter er regissør, dramaturg og samarbeidspartnar. Bilete og animasjonar, laga av Steffen André Hagen, er integrert i scenebiletet og går i dialog med og forsterkar spelet på scenen.

#### MEDVERKANDE:

**Reidun Horvei**, songar/forteljar

**Øyvind Lyslo**, gitarar og diverse strengjeinstrument

**Per Inge Hove**, harmonium

**Tore Nysæter** er regissør.

**Øyvind Lyslo** og **Per Inge Hove** har utarbeidd dei musikalske arrangementa